

Rutinar for kyrkjevert

Frammøte

Kyrkjevert nr. 1 møter 30 min før gudstenesta startar.

Kyrkjevert nr. 2 møter 10 mintutt før gudstenesta startar.

Identifisering

Skilt "Kyrkjevert" skal berast. Skilt finn du i dåpssakrestiet.

Ansvarsområde for kyrkjevert nr. 1

- Ansvar for konfirmanter
- Ynskje velkommen
- Innsamling av offer
- Kyrkjevertane er med soknerådet og vaskar beger når det er nattverd
- Assistanse ved sjukdomstilfelle hos gudstenestedeltakarar
- Evakueringsmedhjelpar ved brann
- Telje antal gudstenestedeltakarar
- Rydding

Ansvar for konfirmanter

Det er viktig å sjå konfirmantane, og ynskja dei velkommen. Informer dei godt om deira oppgåver når dei kjem. Konfirmantane skal stå i døra og ynskja gudstenestedeltakarane velkomne. Tilby salmebok til dei som vil ha, men gjer merksam på at salmane blir vist på storskjerm. Ver merksam på salmebøker med større tekst (blå perm) for svaksynte. Dei skal og dela ut trykt materiell (program m.m.) når det blir brukt.

Ynskje velkommen

Det viktigaste er å sjå og ønskja gudstenestedeltakarane velkomne. Tilby salmebok til dei som vil ha, men gjer merksam på at salmane blir vist på storskjerm. Ver merksam på salmebøker med større tekst (blå perm) for svaksynte. (Når det er konfirmantar med som kyrkjevertar er det dei som har denne oppgåva).

Utdeling av trykt materiell (program m.m.) når det blir brukt.

Ordne, sette fram og legge til rette for barn som vil ha bøker eller teiknesaker. Sjå over teiknesakene i god tid før gudstenesta. Det er blanke ark, blyantspisser, kopioriginaler og kopimaskin i prestesakrestiet.

Hjelpe folk med å finne plass (spesielt dersom det er mange på gudsteneste).

Innsamling av offer

Kyrkjevert nr. 1 og soknerådet samlar inn offeret (når det er konfirmantar som er kyrkjevertar har dei denne oppgåva).

Kyrkjevertar og soknerådet har ansvar for oppteljing av offer etter gudstenesta. Dette blir gjort i sakrestiet. Sjå oppslag om teljing av offer mm i sakrestiet.

Start aldri oppteljing åleine.

Kontantar skal alltid handsamast av to personar saman slik at ingen kan bli mistenkt for å gjera noko ulovleg. Desse to skal ikkje vera i nær familie med kvarandre.

Assistanse ved nattverd

Kyrkjevert og soknerådet har ansvar for vasking av særkalker og bære inn reine. Vasking skjer i dåpssakrestiet.

Dersom du får kjennskap til at enkelte vil ta imot nattverd der dei sit, må du gi beskjed til presten eller ein av nattverdmedhjelparane. Be vedkomande plassera seg nær midtgangen.

Assistanse ved akutte sjukdomstilfelle hos gudstenestedeltakarar

Dersom nokon treng hjelp, skal kyrkjevertane hjelpa til. Viss det er råd skal den sjuke førast ut i våpenhuset, ringja lege osv.

Evakueringsmedhjelpar ved brann

Kyrkjjetenar er brannvernleiar. Ved utløyst alarm er det han som er ansvarlig for å ringa brannvesenet på 1-1-0.

Kyrkjevertar saman med representantar frå soknerådet skal leda folk ut dei tre nødutgangane bak.

Evakuer folk raskt. Kontroller alle rom.

Telje antal gudstenestedeltakarar

Under gudstenesta skal kyrkjevert nr. 1 telja antal gudstenestedeltakarar. Det er viktig å telja alle, små som store. Ikkje bare gjer overslag på kor mange som møter. Før dette talet inn i dagsregisteret som ligg i dåpssakrestiet.

Rydding

Set tilbake salmebøker.

Rydd teiknebretta, fyll på nytt papir, spiss blyantane.

Hjelp kyrkjjetenar med generell opprydding i kyrkja.

Ansvarsområde for kyrkjevert nr. 2

- Kyrkjevertane er med soknerådet og vaskar beger når det er nattverd
- Assistanse ved sjukdomstilfelle hos gudstenestedeltakarar
- Evakueringsmedhjelpar ved brann

Assistanse ved nattverd

Kyrkjevert og soknerådet har ansvar for vasking av særkalker og bære inn reine. Vasking skjer i dåpssakrestiet.

Dersom du får kjennskap til at enkelte vil ta imot nattverd der dei sit, må du gi beskjed til presten eller ein av nattverdmedhjelparane. Be vedkomande plassera seg nær midtgangen.

Assistanse ved akutte sjukdomstilfelle hos gudstenestedeltakarar

Dersom nokon treng hjelp, skal kyrkjevertane hjelpa til. Viss det er råd skal den sjuke førast ut i våpenhuset, ringja lege osv.

Evakueringsmedhjelpar ved brann

Kyrkjjetenar er brannvernleiar. Ved utløyst alarm er det han som er ansvarlig for å ringa brannvesenet på 1-1-0.

Kyrkjevertar saman med representantar frå soknerådet skal leda folk ut dei tre nødutgangane bak.

Evakuer folk raskt. Kontroller alle rom.

Tilbakemelding

Dersom du har saker du som kyrkjevert vil melda frå om, kan du kontakta desse:

Varhaug og Ogna kyrkjekontor, tel. 51 43 62 10/466 72 826 , e-post turid.boganes@hakyrkja.no